



Gripen Gard  
Helene Olli Sollid  
Gripavegen 86  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1605 - 16/20042

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
21.10.2016

## Løyvingsbrev gbnr. 35/2 - Gripen - SMIL 2016 tilskot til gjerding

### Administrativt vedtak. Saknr:

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 01.06.2016.

Meland kommune vart for 2016 løyvd kr 170.000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i møte 19.04.2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.06 2016. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 15 søknader, m.a. frå Gripen gard v/ Helene Olli Sollid for Gnr. 35. bnr. 2.

Helene Olli Sollid har søkt om tilskott til: gjerding.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har registrert viktige miljøverdiar på arealet.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket

Bruket har eit jordbruksareal på 63,6 daa, 381,3 daa skog og 25,5 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sauehald.

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet. Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turveggar m.m. Nyetablerte

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe midlar skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket ble i 2015 revidert. Det ble i ettertid utarbeidd eit nytt rundskriv til den reviderte forskrifta. Søknadene vert sett i samanheng med det Regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP).

#### Vurdering:

Prioritering totalt sett: 5

Søkjær ynskjer å setta opp gjerde frå innmarka og gjennom utmarka og ned til Storavatnet. Gjerdinga vil lage eit større samanhengande område som både vil vere utmark og innmark. Administrasjonen meiner at gjerdinga vil vere ei god løysing for å sikre store og gode beiter på bruket. Den nye området vil vere ein del av eit større samanhengande område som er gjerda inn tidlegare. Søkjær har trong for inngjerda beite, og administrasjonen meiner at den skisserte inngjerdinga vil vere ein god måte å sikra dette på. Vidare er det lagt vekt på at Gripen har eit et spesielt kulturlandskap i Meland kommune, då området ikkje er prega av større fysiske inngrep.

Reknestykket vert slik:

Tiltak	Mengde	Einingskostnad	Kostnad kr	Tilskots %	Tilskot kr
Gjerding synt på kart					
Gjerding, meter	569	48	27312		
Gjerding, meter	100	60	6000		
Ganggrind	3	750	2250		
Rydding av trase, timer	16	200	3200		
Rydding av beite, daa	2	1800	3600		
<b>Sum</b>			<b>42362</b>	50	<b>21200</b>

\*Avrunda til nærmaste 100.

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12 og ut i frå den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdier i Gripen. Det er registrert to naturtypar i området

som skal gjerdast. Ein naturtype er naturbeitemark som har verdi viktig(B) og den andre naturtypen er regnskog med verdi viktig(B) (jf. § 8). Naturbeitemarka vart registrert i 2007, og i naturtypens faktaark i Naturbase går det fram at beitetrykket på naturtypen må aukast for at den skal oppretthaldast. Derfor vurderer administrasjonen det til at gjerding vil vere positivt for naturtypen, då det vil vere lettare å styre beitetrykket på naturtypen med permanente gjerder.

Regnskogen er ein fattig kystfururegnskog, og vart registrert i 2014. Det går fram av naturtypens faktaark i naturbase, at det beste for naturverdiane er stort sett å la området få ligge i fred for alle typar inngrep. Administrasjonen meiner at å sette opp gjerde for å kunne beite delar av utmarka i Gripen, truleg ikkje vil redusera området sine naturverdier. Administrasjonen legg til grunn at området har trær med høg alder og at det har vore beita i utmarka i Gripen i gjennom mange år. Administrasjonen viser også til at det er ein eldre gjerdegrase i området kor delar av det gamle gjerdet framleis er synleg. Vidare må det leggast vekt på at botnvegetasjonen truleg er mindre attraktiv enn anna vegetasjon i nærleiken. Administrasjonen har vurdert det slik at kunnskapen om tiltaket og naturtypene er tilstrekkeleg og at føre-var-prinsippet ikkje gjer seg gjeldane (jf. § 9). Administrasjonen meiner at beiting og oppsetting av gjerde ikkje vil auke den samla belastninga for området då det har vore beita tidlegare (jf. § 10).

Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

## **Vedtak**

”Meland kommune løyver 21.200 kr i tilskot til Helene Olli Sollid på Gnr. 35 bnr. 2. Løyvinga er eit eingongstilskot. Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Løyvinga vert gitt på følgjande vilkår:

Generelle vilkår:

- Frist for gjennomføring av tiltaka er sett til inntil tre år frå løyving: 01.11.2019.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til ein rekkje punkt ved underskrift av søknadsskjema, jf. punkt 5 i søknadsskjema.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjend i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søkjar før gjennomføring av tiltak gjer seg kjend med aktuelle lover og forskrifter.

Særskilde vilkår – beite:

Omsøkt areal bør nyttast til beite/slått i inntil 10 år etter at tiltaket er gjennomført. Kommunen minner om at det på gamal kulturmark ikkje bør oppgjødselast eller nyttast fullgjødsel. Dette er viktig for å ta vare på breidda av det stadeigne artsmangfaldet. Ved gjerding skal gjerdet ha ein 4 mm overstreng og bendsel mellom kvar stolpe, det vert i tillegg sett krav om at det er understreng ved hald av småfe, og tilrådd ved hald av andre beitedyr, for å sikre god stabilitet og lengre levetid.

Regional kulturminneforvaltning:

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, skal handsamst særskild. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetting av freda bygning eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller beiting.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskot når tilsvarande mengd arbeid er utført.
- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto. Meland kommune har utarbeidd skjema til dette.
- Til utbetaling vil konto som oppgjeve på søknaden verte nytta. Søkjar plikter å informere skriftleg om endringar.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad før.

Kontroll:

Kommunen kan kontrollere at arbeid er gjort som omsøkt, jf § 9. Sakshandsamar hos Fylkesmannen kan også synfare tiltak. Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

Omgjering av vedtak:

Kommunen kan omgjere vedtak om løyvd tilskot dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jf. § 10. Kommunen minner om at løyvd tilskot kan trekkjast attende, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga.”

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Signert SMIL-søknad gbnr. 35-2

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

**Mottakere:**  
Gripen Gard

Helene Olli Sollid 5918

FREKHAUG